

---

## HANDLINGSPLAN 2021/2022

---

1. Arbeidsutvalet skal arbeide for at det vert lagt til rette for at studentar kan leve grønt og berekraftig.
2. Arbeidsutvalet skal styrke kontakten mellom studentdemokratia i Oslo og omland.
3. Arbeidsutvalet skal vidareutvikle og sikre god dialog med andre Velferdsting og studentdemokrati med same virkeområde.
4. Arbeidsutvalet skal arbeide for at studentar skal få rabatt tilsvarande honnør på kollektivtransport og at tilbodet vert tilgjengeleg for alle heiltidsstudentar.
5. Arbeidsutvalet skal i samarbeid med SiO jobbe for at kommunen gir gode vilkår til studentbustadbygging.
6. Arbeidsutvalet skal arbeide for at tilskotsordninga må tilpassas slik at det også gis årlig støtte til rehabilitering av studentbustadar.
7. Arbeidsutvalet skal arbeide for at Oslo kommune og Lillestrøm kommune skal lage ein heilskapleg strategi med tiltak for å sikre dei lokale studentanes velferd og sikre vidareutvikling av Oslo som ein attraktiv studentby å leve i.
8. Arbeidsutvalet skal arbeide for at den nye kommunale alkoholpolitiske handlingsplanen vert meir studentvennleg, av dette ei oppmjuking av SALUTT-kravet.
9. Arbeidsutvalet skal arbeide for ei utbetring av bysykkeltilbodet. Spesielt betre tilgjengeleg ved studentbyane.
10. Arbeidsutvalet skal opprette ein samarbeidsavtale mellom Velferdstinget og SiO. Avtalen skal godkjennast av Velferdstinget.
11. Arbeidsutvalet skal saman med Studentsamskipnaden SiO, myndighetene og studentdemokratia arbeide for å forbetre situasjonen belyst av tilleggsundersøkinga Studentanes Helse- og Trivselsundersøking (SHoT).
12. Arbeidsutvalet skal gjennom perioden lage relevante kampanjar. Her under samarbeid med relevante aktørar for å promotere ny SHoT-undersøking i 2022 for å få best mogleg oppslutning, og arbeid med å få flest mogleg studentar til å stemme i stortingsvalet 2021.

- 13.** Arbeidsutvalet skal saman med Velferdstinget arbeide for god møtekultur spesielt når vi igjen byrja å ha fysiske møter.
- 14.** Velferdstinget skal arbeide for å styrke studentfriviljugheita i Oslo og omland.
- 15.** Arbeidsutvalet skal saman med relevante aktørar jobbe for en god studiestart på tvers av dei tilknytte utdanningsinstitusjonane.
- 16.** Arbeidsutvalet skal arbeide for at Studentsamskipnaden SiO skal opprette ein felles kalender for alle studentarrangement i Oslo og omland.
- 17.** Arbeidsutvalet skal sørge for at Studentsamskipnaden SiO føretar ei opprusting av kunstgrasbanen utanfor Domus Athletica.
- 18.** Arbeidsutvalet skal kartleggje mulige veier vidare med studenthus i sentrum, og leggje fram ein sak for Velferdstinget i løpet av hausten.
- 19.** Velferdstinget skal revidere tildelingskriteria og tildelingsprosessen.
- 20.** Velferdstinget skal revidere sitt idrettspolitiske dokument.
- 21.** Velferdstinget skal revidere reglement for tildeling av studentbustad i SiO.
- 22.** Velferdstinget skal utvikle eit karrieropolitisk dokument.
- 23.** Arbeidsutvalet skal kartleggje korleis institusjonane legg til rette for studentfriviljugheita, og korleis studentane får informasjon om studentfriviljugheita som finn stad på andre institusjonar enn studentens eigen.
- 24.** Arbeidsutvalet skal arbeide for å ivareta og styrke rettighetane på bustad- og leigemarknaden til dei rundt 86% av SiO-registrerte studentar som ikkje bur i studentbustad, kor dei fleste må bruke den private leigemarknaden.